



Kø i Fjellhaugen eit tidlegare år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag frå klokka 10 til 16 er det ope i Fjellhaugen. Den same opningstida hadde dei også tysdag. Den kjem i tillegg til ettermiddagskøyringa onsdag og i helga.

Tysdag tok trafikken seg opp utover dagen men i skisenteret har dei inntrykk av at litt for få foreldre har høve til å køyra ungane sine til fjells.

Snøfallet dei siste dagane har vore velkome for skisenteret.

Prepareringa har vore problematisk denne vinteren fordi snøen har vore for kald kald og tørr til å lage ein skikkeleg såle.